



Til

Hordaland Sau og Geit
Nils Inge Hitland
Hitlandsbakkane 25
5137 Mjølkeråen

Kopi: Svanhild Aksnes, FMLA, Åse Vaag, FMLA

Dykkar ref.:

Vår ref.: 6636/lly/2013-1

6. mars 2013

Prosjekt Ny giv for sauehaldet i Hordaland

Norsk landbruksrådgiving Hordaland synes det er flott at det vert satsa på å auke produksjonen av lammekjøtt i Hordaland, og vi vil gjerne vere med på denne satsinga. Vi ser det også som viktig at kompetansen vi har på mange fagområde kjem etablerte og framtidige sauebønder til gode.

I det siste budsjettet som var lagt fram av prosjektgruppa for «Ny giv For sau i Hordaland», var godtgjersle for NLR Hordaland sin kompetanse i samband med fagmøte sett til kr. 350,- pr time. Budsjettforslaget vart handsama av Styret i NLR Hordaland, og styret fann det ikkje mogleg for oss å delta på desse vilkåra.

NLR Hordaland har dei siste åra hatt underskot på drifta. Vi har i lang tid vore i ein omstillingsprosess, der større og større del av kostnadene våre må tenast inn gjennom sal av rådgivingstenester, konsulentsoppdrag og prosjektarbeid. Vi ser betring i drifta, og resultat for 2012 er klart betre enn i 2011, på tross av at tilskot frå kommunane vart reduserte frå kr. 525 000 til kr. 362 000,-.

NLR Hordaland har som mål å vere ein god arbeidsgivar, og vi er bunde av tariffavtale mellom Naturviterne og NHO Mat og landbruk. Lønskostnadene stig, og pr. 1.1.2013 var kostnaden kr. 363,23 kr pr time for ein rådgjevar. I denne summen inngår berre løn, feriepengar, arbeidsgivaravgift, personalforsikring og pensjonskostnader. Administrasjonskostnader, kontorkostnader og andre kostnader er ikkje tekne med.

Når rådgivarane i NLR Hordaland utfører rådgivingstenester for medlemene er prisen 600,- kr pr time. Om vi inngår avtaler og arbeider i prosjekt for kr. 350,- pr time, må det tapet vi har pr time dekkast inn ved å selje andre tenester til høgare pris. Styret i NLR Hordaland ynskjer ikkje at rådgivarane i NLR Hordaland skal ta på seg oppdrag til lågare timepris enn det som medlemene må betale for tenestene.

NLR Hordaland ynskjer å bidra for å auke produksjonen av lammekjøtt i Hordaland. Vi søker Hordaland Fylkeskommune om tilskot til eige prosjekt for å gje nye, interesserte sauebønder vegvalsrådgjeving, og me har også starta eit tre-årig prosjekt der vi vil fylgje opp nye, unge bønder med tanke på at dei skal lukkast med satsinga si.

Om de finn at budsjettet kan endrast, slik at NLR Hordaland kan få godtgjort for fagleg kompetanse tilsvarande det våre medlemmer må betale for utførte tenester, ynskjer vi fortsatt å samarbeide om dei fagmøte som er planlagt i prosjektet. For å ha god informasjonsutveksling og samkøyring mellom våre eigne aktivitetar og prosjekt retta mot sauehaldet i Hordaland og aktivitetar og tiltak i Ny giv-prosjektet og ynskjer vi fortsatt å vere representert i styringsgruppa for prosjektet, alternativt ber vi om at det vert oppretta ei referansegruppe.

Me ynskjer Hordaland Sau og Geit lykke til vidare med prosjektarbeidet.

Med venleg helsing

Norsk Landbruksrådgiving Hordaland

Liv Lyngstad
Liv Lyngstad, dagleg leiar

Kompetanse for framtida!

Avsendar adresse: Sjusetevn 27, 5610 ØYSTESE, mobil: 982 45 830, e-post: liv.lyngstad@lr.no